

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 13.06.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Randi Solheim  
**SAKA GJELD:** **Risikostyring av styringsmål 2017 - rapportering første tertial**

**ARKIVSAK:** 2016/4774  
**STYRESAK:** **055/2017**

**STYREMØTE:** **30.06.2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka om risikostyring av styringsmål i Helse Førde til vitande.

### **Oppsummering**

Styret er i sak 028/2017 orientert om dei fire regionale styringsmåla gjeldande for helseføretaka i Helse Vest RHF. I same sak slutta styret seg til det lokale styringsmålet med delmål for Helse Førde HF 2017.

Denne saka gjeld første tertialrapportering av gjeldande styringsmål for helseføretaket, og syner status for nosituasjon, framdrift i høve tiltak og vurdering av risiko knytt til gjennomføring og måloppnåing.

Mål og forbetringstiltak er summert opp knytt til følgjande tema:

1. Pasienttryggleiksarbeid
2. Reduserte ventetider, oppgåveplanlegging for pasientbehandling
3. Helse, miljø og trykkleiksarbeid
4. Høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.
5. Utvikling av «pasientens helseteneste» med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp.

### **Fakta**

Som følgje av fokuset Helse Førde har hatt på gjennomføring av tiltak knytt til styringsmål med høgast risiko, syner risikostyring av styringsmåla for første tertial ei tilfredstillande utvikling.

Helseføretaket held fram arbeidet med forbetringstiltak i risikostyring av verksemda for å oppnå kvalitetsmåla. Styringsmåla vert til sist rapporterte i årleg melding ved årsskiftet 2017/2018.

### **Kommentar**

Helse Førde HF sitt kontinuerlege arbeid med styringsmål gjev eit godt grunnlag for å følgje opp dei viktigaste fokusområda i 2017.

### **Konklusjon**

Helseføretaket utfører jamleg risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Første tertialrapportering for risikostyring av Helse Førde sine risikostyringsmål 2017 vert teken til vitande av styret i helseføretaket.

### **Vedlegg**

Tabell risikostyring første tertial